



# ROVVILTNEEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2012/68

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
04.06.2012

### Vedtak om kvote for betinga skadefelling 2012/13 i Region 1

Rovviltneemnda for Region 1 vedtok på møte 30. mai 2012 kvote for betinga skadefelling av rovvilt for perioden 01.06.2012 – 15.02.2013, jf sak 7/12. Frå nemnda møtte leiar Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Stensland. Sveinung Valle og vara Benthe Bondhus frå Hordaland melde forfall.

Rovviltneemdene skal fastsette kvoter for betinga skadefelling som fylkesmennene kan nytte, jf Naturmangfaldlova §18 og Forskrift om forvaltning av rovvilt (Miljøverndepartementet, 2005) §7.

Vedtaket blir lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland), under miljøvernavdelinga, vilt og rovviltneemnda. Det blir og lagt ut på rovviltforvaltninga sine sharepointsider.

#### ***Vedtak***

***I perioden 01.06.2012 til 15.02.2013 kan fylkesmennene i Region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:***

<b><i>Art</i></b>	<b><i>Tal</i></b>
<i>Ulv</i>	<b><i>4</i></b>
<i>Bjørn</i>	<b><i>2</i></b>
<i>Gaupe</i>	<b><i>2</i></b>
<i>Jerv</i>	<b><i>6</i></b>

***Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotane tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt.***

***Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.***

Postadresse:  
Rovviltneemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltneemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

#### *Grunngjeving*

Vedtaket er ikkje i samsvar med sekretariatet sitt framlegg til vedtak. Sekretariatet gjorde dessutan merksam på at framlegget til kvote på jerv blei redusert med eitt dyr – til 4 jervar. Årsaka er at ei jervtispe blei tatt ut av SNO i Årdalsfjella etter innkallinga med saksframlegg blei sendt ut.

Nemnda grunngjev kvotevedtaket med stort skadepotensiale på beitedyr i regionen, og rapportar om førekomst av rovvilt i den siste tida. Når det gjeld ulv, syner nemnda spesielt til SNO sin rapport om skade på lam i Vest-Agder i år, og mistanke om førekomst av fleire ulvar i Agderfylka.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Vedlegg:  
Saksutgreiing og revidert framlegg til vedtak frå sekretariatet

#### Adresseliste:

Rogaland Bondelag	Postboks 278, Sentrum	4002 Stavanger
Naturvernforbundet i Rogaland	Sandvigå 24	4007 Stavanger
Rogaland Sau- og Geitalslag v/Magne Jakob Bjørheim	Ryfylkeveien 2708	4120 Tau
NJFF - Rogaland	Postboks 313	4291 Kopervik
Norges Bondelag - Fagutval rovviltspørsmål v/sekretær for rovviltsaker i Sogn og Fjordane	Postboks 153	6801 Førde
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag v/Harald Jarl Runde	Liabøen	6817 Naustdal
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Jon Farestveit	Åbergevegen 20	6856 Sogndal
Vest-Agder Saualslag v/Svein Haughom	Haughom	4440 Tonstad
Norges Bondelag, v/ Gunn Ousdal	Ousdal	4440 Tonstad
Naturvernforbundet i Vest-Agder v/Torbjørn Fredriksen	Grøngjelveien 33	4514 Mandal
Vest-Agder Jeger- og Fiskerforbund v/Øystein Stamland	Wolframv. 66	4629 Kristiansand
Vest-Agder Bonde- og Småbrukarlag,	Kalland	4737 Hornnes

v/Helge Fossen		
Grunneiernes Frittstående Organisasjon v/Sigmund Å. Rossevatn	Rossevatn	4596 Eiken
Foreningen Våre Rovdyr	Postboks 195	2151 Årnes
WWF-Norge	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130 Oslo
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag v/Åse Marie Reisæter		5776 Nå
Hordaland Bondelag	Bjørns gt. 1	5008 Bergen
Hordaland Sau- og Geitalag v/Ove Holmås		5956 Vågseidet
NJFF Hordaland	Tverrgt. 4/6	5017 Bergen
Naturvernforbundet i Hordaland	Postboks 1201	5811 Bergen
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5806 Bergen

Kopi pr epost:

Fylkesmennene i Hordaland, Vest-Agder og Sogn og Fjordane  
 Rovviltnemnda region 1  
 Mattilsynet v/ regionkontora i region 1  
 SNO v/ Jon Erling Skåtan og Rein Arne Golf  
 Birger Aasland, her  
 Direktoratet for naturforvaltning

Vedlegg:

- Saksutgreiing frå sekretariatet

## Saksutgreiing og revidert framlegg til vedtak frå sekretariatet

**07/12: Fastsetting av kvote for betinga skadefelling i Region 1 for perioden 01.06.2012 – 15.02.2013. Vedtak**

### **Saksopplysningar**

Etter forskrift om forvaltning av av rovvilt §8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av jerv, bjørn, gaupe og ulv til fylkesmannen. Ei føresetnad er at vilkåra i §7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva kan nyttast i tidsrommet 01.06.2012-15.02.2013.

Vilkåra i §7 er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygga på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For Region 1, som ikkje har nasjonale mål om årlege ynglingar for nokon av desse artane, er desse måla ikkje avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling. §7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltningsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal og ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter §8 er eit einskildvedtak som kan påklagast til MD innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Fylkesmennene sine vedtak om iverksetting av betinga skadefellingsløyver kan og påklagast. DN er klageinstansen i desse høva.

### Jerv

Nemnda vedtok ei kvote på 5 jervar i regionen til lisensfellingsperioden 2011/2012. Utanom 1 som blei felt ulovleg i revesaks i Førde blei ikkje kvoten belasta i lisensfellingsperioden. Etter lisensfellingsperioden 15.02 er det pr 15.05.2012 tatt ut 2 hannar (Årdal og Luster), 1 tisper (Årdal) og 1 vaksen tisper med 2 ungar i ynglehi i Luster.

Innsamling av møkk og andre biologiske spor frå denne vinteren har gjennom DNA-analyser så langt avslørt 4 ulike jervindivid i Sogn og Fjordane, 2 hannar og 2 tisper. Dei felte individa er enno ikkje analysert for DNA, slik at det er uråd å jamnføre dei med felte dyr.

I tillegg til Sogn og Fjordane er det dokumentert førekomst av jerv i Suldal, seinast 14.03.2012.

I lisensfellingsperioden 2010/2011 blei det felt 47 jervar i landet, i 2011/2012 blei det felt 62 jervar. I Norge er det pr 15. mai i år registrert 40 ynglehi i landet etter at 10 er tatt ut etter vedtak i DN.

Det nasjonale overvakingsprogrammet (NINA rapport 757) estimerer ein gjennomsnittleg bestandstorleik for tal jerv 1 år og eldre siste 3 år på 385 dyr. I gjennomsnitt var det 50 overlevande ynglingar.

	2009	2010	2011
Overlevande ynglehi	46	54	49
hiuttak	7	12	9

Nasjonalt mål for ynglande jerv er 39 pr år. Pr i dag er bestanden over dette målet.

### Gaupe

Det blei felt 3 gauper i jaktperioden i Vest-Agder i 2012. I tillegg blei ei gaupe påkjørt av bil i oktober i Vest-Agder. Jaktperioden var i februar og mars, og det var kvotefri jakt i heile regionen. I landet blei det i år felt 80 gauper i kvotejakta.

Nasjonalt mål er 65 årlege ynglingar i landet. Gaupe finst truleg spreidd i alle fylka i regionen.

### Ulv og bjørn

Det er lagt inn 3 usikre observasjonar av ulv på Vest-Agder i mars i år. I tillegg er det antatt sikkert ulv i Valle og Birkenes kommunar i Aust-Agder. I Sogn og Fjordane er det lagt inn to usikre observasjonar av ulv i år frå Sogndal kommune i Rovbase.

Vinteren 2011/2012 er det truleg 3 heilnorske unglingar av ulv i Noreg, som tilsvarar det nasjonale målet.

Både 2010 og 2011 blei det estimert om lag 6 ynglingar av bjørn i Noreg. Det er langt i frå målet på 13 årlege ynglingar.

Det er ikkje dokumentert førekomst av bjørn i region 1 i år.

### Erstatning for rovvilttap

Erstatningsoppgjeret for tap av bufe til rovvilt syner desse tala i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2011:

	<b>Gaupe</b>	<b>Jerv</b>	<b>Bjørn</b>	<b>Ulv</b>	<b>Kongeørn</b>	<b>uspesifisert</b>
<b>Sogn og Fjordane</b>	78	293	0	0	112	2
<b>Rogaland</b>	6	59	0	0	17	0
<b>Hordaland</b>	1	1	0	0	2	0
<b>Vest-Agder</b>	23	0	71	0	42	0
<b>Totalt</b>	<b>108</b>	<b>353</b>	<b>71</b>	<b>0</b>	<b>173</b>	<b>2</b>

### ***Vurdering***

Uttaket av jerv i Sogn og Fjordane har vore høgt i år, og tilsvarar meir enn restkvota etter lisensfellingsperioden. To ynglingar er registrert i Skjåk i Oppland, innafor nyleg vedteke jervesone. Det er ikkje andre hiregistreringar i Oppland i år.

Bestandstorleiken for landet målt i årlege ynglingar er over det nasjonale målet. Det vil framleis vere naudsynt å ha ei kvote for betinga skadefelling. Vi foreslår ei kvote på 5 dyr som i fjor. Dette er eit høgt tal i ein liten og sårbar delbestand, men ser at det kan bli naudsynt i perioden fram til 15. februar ut frå den kunnskap som er tilgjengeleg no.

Det vil og vere rett å ha ei kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det er fare for skade og det er høve for det. Med eit samla uttak på 80 gauper (og av dei 24 hoer 1,5 år og eldre) i kvotejakta i år har den nye prognosemodellen for utviklinga av gaupebestanden

(NINArapport 774) berekna at det er meir enn 50% sannsynleg at bestandsmålet på 65 ynglingar vil bli nådd i 2013 før jakt. Vi foreslår ei kvote på 2 gauper som i fjor.

Vi vil foreslå ein kvote på 3 ulvar og 1 bjørn. Ulvebestanden er liten, og særleg utsett i høve til innavlsproblematikk. Det er difor viktig å vere så trygg som råd på at førekomst av ulv ikkje er genetisk viktige individ før vedtak om felling. Vi syner til innspelet frå Fylkesmannen i Vest-Agder som spesielt streker under behovet for å auke kvota på ulv. Bjørneførekomstane er få i vår region, og bestanden er langt under målet. Vi meiner difor kvote på 1 dyr er tilstrekkeleg.

Oppdatert kunnskap om bestandane frå SNO og Rovdata på møtet bør og vurderast i høve til kvotefastsettinga.

Alle offentlege saker som vedkjem naturmangfaldet skal vurderast opp mot naturmangfaldlova §§8-12 før vedtak, jf §7.

§8 Kunnskapsgrunnlaget er særst godt når det gjeld dei norske rovviltbestandane.

Vurderingane over har tatt utgangspunkt i bestandsstatus for alle dei 4 rovpattedyra på nasjonalt nivå. Kvoteforslaga er ikkje – målt etter dei nasjonalt fastsette bestandsmåla – trugsmål mot langsiktig overleving. Våre vurderingar tar likevel høgde for at heile region 1 er prioritert til beiteføremål etter prinsippet om differensiert forvaltning. Forslaga om kvote er skjønsmessig basert på ei realistisk vurdering av behov for uttak i ytterste konsekvens samstundes som at dei ikkje representerer ei utfordring i høve til ei langsiktig overleving.

§9 Føre-var-prinsippet kjem i avgrensa grad til anvending her. Det er likevel eit spørsmål om Region 3 sin del av det nasjonale målet for jerv kan bli vanskeleg å oppnå med å legge til rette for yngling opp mot Sogn. Jervar frå vest-Oppland vil etter røynslene ofte trekke vestover, der dei risikerer å bli felte. Det er elles viktig at fylkesmennene nyttar føre-var-prinsippet ved vedtak om felling, til dømes når det gjeld viktige individar av ulv.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning er vurdert ved fastsetting av den overordna rovviltpolitikken. Kvoteforslaga fører ikkje til endringar i dette.

§11 og 12 er ikkje relevante vurderingstema i dette høvet.

### **Framlegg til vedtak**

*I perioden 01.06.2012 til 15.02.2013 kan fylkesmennene i Region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:*

<b>Art</b>	<b>Tal</b>
<i>Ulv</i>	<i>3</i>
<i>Bjørn</i>	<i>1</i>
<i>Gaupe</i>	<i>2</i>
<i>Jerv</i>	<i>4</i>

*Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt.*

*Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.*

*Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedteket er motteke. Klagen skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.*